



Yuko Shuto (klaver) og Kirill Zimin (saksophon) vert med på konserten i Uskedalen 24. mars.

Uskedalen.no fekk vera med på konsert i Valen kyrkja for å markera den vellukka innsamlingsaksjonen for nytt piano. Har du ei god sak, er det ikkje grenser for kva ein kan få til, sa innsamlingsleiar Steinar Haugan. Konserten var ein forsmak på kva vi kan venta oss i Uskedal kyrkje søndag 24. mars. Tre av artistane med bakgrunn som tilsette i Kulturskulen vert med i Uskedalen denne kvelden.

Yuko Shuto, japansk pianist, har utdanning både frå heimlandet (Kunitachi college of music i Tokyo) og frå Norge. Ho har studert både ved Griegakadeniet i Bergen og Musikkhøgskulen. Yuko er svært glad i Norge og kan fortelja at då ho gjekk på ungdomsskule heime i Japan, spela dei Morgonstemning av Edvard Grieg før skuletid. Ho kom til Kvinnherad frå Sogndal kulturskule sist haust. I Valen synte ho fram sine evner som ein dyktig pianist. Seinare i vår skal ho heim til Japan der ho mellom anna skal spela konsert med ein trio.

Kirill Zimin avløyste Rolf Lothe som rektor i kulturskulen. Han kom til Kvinnherad frå Rauma. Kirill har bakgrunn frå symfoniorkester i St. Petersburg og har vore mykje brukt som solist då han er eminent på klarinettar og saksophonar. Han har budd meir enn ti år i Norge. Likevel vart han i fjor invitert til St. Petersburg for å vera solist med symfoniorkester der. Kirill har spelt på mange store scenar med fleire tusen publikummarar. Han meistrar ulike sjangrar.

Dmitrii Kuzmin har musikkutdanninga si frå musikkonservatoriet i St. Petersburg. Han beherskar ulike instrument svært godt, men tuba er hovudinstrumentet. Han byrja i Kvinnherad kulturskule ved nyttår. Han har solid musikkbakgrunn og har vore med på konsertar i mange land.

Dette er dei aktørane vi veit vert med i Uskedalen. Fleire kan koma til.

Set av søndagskvelden 24. mars til konsert i Uskedal kyrkje.

Soknerådet er tilskipar.

Tekst/foto/nett: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal



Pianisten Yuko Shuto frå Japan vil vera ein sentral aktør på kyrkjekonserten i Uskedalen.